Fyresdal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Formannskap**
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 05.10.2016
Tid: 09:30 – 15:00

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Svein Slyngstad	Kjell Sverre Thoresen	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Berit Ramsvatn-Kemp	Kommunalsjef helse og omsorg
Tron Armand Støle	Kommunalsjef kultur og oppvekst
Arild Metveit	Kommunalsjef plan og miljø
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming:(sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
35/16 – 38/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

_____
Erik Skjervagen
Ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald
PS 35/16	Referatsaker
PS 36/16	Økonomirapportering pr. 01.09. - finans
PS 37/16	Økonomirapportering 01.09 - økonomi og fellestenester
PS 38/16	Oppnemning av dyrevernnemnd 2017 - 2019 - framlegg til kandidatar

Budsjettdrøftingar

Fyresdal 27. september 2016

Erik Skjervagen
Ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 35/16 Referatsaker

RS 24/16 Orientering frå administrasjonen

RS 25/16 Økonomigjennomgang

RS 26/16 Elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen

I møtet:

- Børge Skårdal frå Haukelivegen AS orientera om dei ulike alternativ for vegtrase for E134 i framtida. Det er ute eit høyringsdokument som vil bli handsama av kommunestyret.
- Bruk av nynorsk i FN Eigedom AS og Fyresdal Næringshage AS – formannskapet ynskjer å gje signal til desse selskapa om å bruke nynorsk som offisielt skriftspråk. Dette gjeld også Telemark Lys AS.
- Mottak av nye flyktningar – har ikkje ledige boligar for familiar i dag, men har ein leilighet som passar for ensleg. Fleirtalet i formannskapet ynskjer ikkje å ta i mot einslege.
- Møte med Fyresdal Kurs og Leirstad, idrettslaget og kommunen om ein felles fleirbrukshall vert gjennomført til fredag.
- Dialog med Statens Vegvesen om flytting av skilt med kommunehus ned til næringshagekrysset.
- Val av barnas representant kjem opp på neste kommunestyremøte.
- Bruk av leasingbil til administrasjonen – formannskapet ynskjer ei sak før ein går inn for endringa.
- Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Hovatn, Fisstøylvatn, Rauvatn vert fylgd opp mot NVE. Tilsvarande prosess med Napevatn avventast til ein har svar på denne revisjonen.
- Styret i FN Eigedom AS meiner kommunestyresaka om samlokalisering (sak 46/15) ikkje forpliktar dei til å innarbeide alle punkt i leigeavtaler slik som kommunestyret har føresett.
  Ordføraren tek dette opp med dagleg leiar i FN Eigedom AS.
- Kommunestyret 27. oktober vert dagmøte med budsjettorienteringar.
- 18. oktober vert det konferanse med politimestaren om politireforma i Vrådal.
- Oppstart på budsjettarbeid for 2017 og økonomiplan 2017 – 2020.

PS 36/16 Økonomirapportering pr. 01.09. - finans

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda på finansområdet pr. 01.09. vert teken til vitande.
Budsjettet på sal av konsesjonskraft vert nedjustera med kr 300.000, samtidig vert det nedjustering av avsetjing til disposisjonsfond med tilsvarande beløp.

Handsaming i Formannskap - 05.10.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 05.10.2016

Den økonomiske stoda på finansområdet pr. 01.09. vert teken til vitande.
Budsjettet på sal av konsesjonskraft vert nedjustera med kr 300.000, samtidig vert det nedjustering av avsetjing til disposisjonsfond med tilsvarande beløp.

PS 37/16 Økonomirapportering 01.09 - økonomi og fellestenester

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 01.09 i sektor for økonomi og fellestenester blir teke til vitande.

Handsaming i Formannskap - 05.10.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 05.10.2016

Den økonomiske stoda pr. 01.09 i sektor for økonomi og fellestenester blir teke til vitande.

PS 38/16 Oppnemning av dyrevernnemnd 2017 - 2019 - framlegg til kandidatar

Innstilling frå rådmannen:

Saka blir lagt fram utan innstilling

Handsaming i Formannskap - 05.10.2016

Samrøystes for at sitjande medlemer i dyrevernnemnda fortsett.

Vedtak i Formannskap - 05.10.2016

Fyresdal kommune sine representantar i dyrevernnemnda 2017 – 2019.
Kjell Sverre Thoresen og Guro Libjå